

SAKSFRAMLEGG

Saksbehandlar:	Fride Drønnen	Arkiv:	K2-M4 K3-&00
Arkivsaksnr:	26/3647 26/3647-1		

Forskrift om påslepp av olje-, feitthaldig og industrielt avløpsvatn til offentleg avløpsnett - høyring

Utval:	Møtedato:	Saksnr.:
Formannskapet	09.06.2026	060/26

Kommunedirektøren si innstilling:

Sula formannskap vedtek at *forskrift om påslepp av olje-, feitthaldig og industrielt avløpsvatn til offentleg avløpsnetter* blir lagt ut på høyring med frist til uttale 10. august 2026.

09.06.2026 Formannskapet

Innstillinga vart samrøystes vedtatt.

- F060/26 **Vedtak:**

Sula formannskap vedtek at *forskrift om påslepp av olje-, feitthaldig og industrielt avløpsvatn til offentleg avløpsnetter* blir lagt ut på høyring med frist til uttale 10. august 2026.

Kortversjon av saka:

Formålet med *forskrift om påslepp av olje-, feitthaldig og industrielt avløpsvatn til offentleg avløpsnetter* er å separere olje, fett og industrielt utslepp frå avløpsvatn slik at dette ikkje skaper problem på leidningsnett, pumpestasjonar og reinseanlegg, og samstundes ivareta personell og resipient. Forskrifta er utarbeidd for å sikre ei

einsarta saksbehandling og for å setje tydelege krav til påslepp til kommunalt avløpsnett.

Saksopplysningar:

Sula kommune har i dag *forskrift om påslepp av feitthaldig avløpsvatn til offentleg avløpsnett*. Fleire påslepp fell i dag utanfor denne forskrifta, og det er derfor behov for å erstatte den med ei ny og meir dekkande forskrift.

Forureiningsforskrifta gir kommunen høve til å fastsetje lokale forskrifter for å regulere påslepp til offentleg avløpsnett. Det er særleg behov for dette i samband med etablering av nytt reinseanlegg med biologisk reinsing, som er meir sårbart for uønska stoff.

Forslaget til forskrift er tilpassa lokale forhold i Sula kommune, og byggjer på tilsvarande forskrifter i andre kommunar med tilsvarande reinsekrav og reinseprosessar (sekundærreinsing). Forskrifta blir foreslått sett i verk hausten 2026 for å sikre gradvis implementering i forkant av igangsetting av reinseanlegget, slik at alle partar har tid til å tilpasse seg.

Utkast til forskrift vert justert etter politisk behandling og offentleg høyring, før endeleg vedtak i kommunestyret.

Økonomiske konsekvensar for Sula kommune.

Forskrifta vil ikkje medføre økonomiske konsekvensar for Sula kommune, men er tenkt å førebyggje skadar på infrastruktur grunna ikkje-sanitært avløpsvatn.

Juridiske konsekvensar

Sula kommune vil få heimel til å regulere påslepp som krev lokal forskrift i forureiningsforskrifta.

Konsekvensar for innbyggjarane

Forskrifta vil sikre ei einsarta saksbehandling og gi meir forutsigbare krav til påslepp til kommunalt avløpsnett.

Vurderingar og konklusjon:

Lokal forskrift vil gi eit tydeleg og føreseieleg regelverk for påslepp til offentleg avløpsnett. Forskrifta vil bidra til betre kontroll med påslepp, sikre likebehandling i saksbehandlinga og førebyggje problem på leidningsnett, pumpestasjonar og reinseanlegg.

Konklusjon

Vedlagt forslag til forskrift om påslepp av olje-, feittheldig og industrielt avløpsvatn til offentlig avløpsnett, Sula kommune, Møre og Romsdal bør leggest ut på høyring.